



I 2009 då dette biletet vart teke den fyrste jakt dagen av Svein Ottar Rørheim,, vart det felt 119 hjortar i Uskedalen

Hjortejakta er på retur både i kommunen og i Uskedalen.

I landets tradisjonelt største hjortekommune vart det ifjor felt 1035 dyr mot 1207 året før og dermed gjekk fellingsprosenten ned frå 80 til 67,4. I Uskedalen vart det felt 74 mot 84 i 2012. og 96 i 2011.

Det er svært store variasjonar både i kommunen og bygda

Her er fellingstala for vår bygd med prosenten bak:

Øvre Feet/Døssland	11	40,7
Kjærland/Myklebust	7	23,3
Ytre Feet/Eik	8	100
Skorpo	2	28,6
Rød	3	37,5
Haugland	18	64,3
Musland	16	64,0
Fjellandsbø	5	50,0
Ljosnes	4	44,4

Totaltalet for kommunen har vore relativt stabilt i nokre år med ein fellingsposent på 80-talet, men i fjor vart det altså ein betydeleg svikt. Særleg merkar ein seg at eit så betydeleg vald som Kjærland er heilt nede på 23,3 Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



[!\[\]\(99f58673407353e96a019fbca558fd72_img.jpg\) Tilbake](#)